



HOPLAND OTTAR

5956 HUNDVIN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Helen Haaland, 5764 3080

Svar på klage på dispensasjon frå søknadsfrist - produksjonstilskot 2019

Vi viser til klaga di om avslag på dispensasjon frå søknadsfristen for produksjonstilskot 2019. Klaga vart motteken 30.03.2020.

Vedtak

Klaga vert tatt til følge. Fylkesmannen omgjer sitt vedtak datert 11.03.2020, og gir føretaket Ottar Hopland, dispensasjon frå søknadsfristen 15. oktober 2019.

Bakrunn

Du søkte om dispensasjon frå søknadsfristen for produksjonstilskot då du ikkje hadde fått utbetaling av produksjonstilskotet for 2019. Du driv med grovfôrproduksjon for sal. Tilskot til areal og grovfôrproduksjon skal søkast på i oktober, i del 2 av søknaden. Tala var lagt inn i elektronisk søknad og du var heilt sikker på at det var lagra og sendt. I den elektroniske loggen hjå Landbruksdirektoratet vart det ikkje funne spor av aktivitet på ditt føretak for del 2 av søknadsomgangen, det vart difor gitt avslag på dispensasjonssøknaden. I klaga kjem du med tilleggsopplysningar i saka.

Regelverk

I følge *forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket* (forskrifta) og *Veileder til søknad om produksjonstilskudd*, er det søkjar sitt ansvar at søknaden vert levert i rett tid. Søknadsfristane er 15. mars og 15. oktober. Nokre opplysningar kan etterregistrerast fram til 10. januar året etter. Fylkesmannen kan i særlege høve dispensere frå søknadsfristen jf. forskrifta §9. Dei same retningslinene gjeld fristen for etterregistrering 10. januar.

Vurdering

Du har klaga innan fristen og vi handsamar difor klaga. Jf § 35 i forvaltningslova kan omgjerung av vedtak gjerast av det forvaltningsorganet som fatta vedtaket eller av overordna organ.

Landbruksdirektoratet har i rundskriv 2019 – 34 i punkt 9.2, gjort greie for korleis dispensasjonsreglane skal praktiserast. Ein dispensasjon kan gjevast i «særlige tilfeller». Det tyder at det berre kan innvilgast dispensasjon når det føreligg ei spesiell, forbigåande årsak utanfor føretaket



sin kontroll som fører til at føretaket ikkje oppfyller vilkåra i forskrifta. Dette tyder at det ikkje kan gjevast dispensasjon frå søknadsfristen, når søkjar sjølv kunne ha avverga at søknaden vert levert for seint. Det skal gjerast ei heilskapleg vurdering om det er eit særleg tilfelle.

I klagen opplyser du om spesielle omstende i familien som gjorde at søknaden ikkje vart registrert fordi tilgangen i Altinn vart sletta. Dette var opplysningar vi ikkje kjende til når søknaden om dispensasjon vart handsama. Vi finn difor at dette er eit særleg tilfelle som gir grunnlag for dispensasjon frå søknadsfristen.

Sidan ny søknadsomgang er opna er det ikkje lenger mogleg å sende elektronisk søknad for 2019. Du må difor levere søknad for 2019 på papir innan **05.05.2020**. Ta kontakt med Alver kommune om du har spørsmål til dette.

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær
ass. landbruksdirektør

Helen Haaland
fylkesagronom

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Alver kommune Havnevegen 41 A 5918 FREKHAUG